



Helge Havstein

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2565 - 16/602

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

15.01.2016

## Avslag - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av anlegg og installasjon av sambandsutstyr på Vetten/Eldsfjellet - gbnr. 47/1 m.fl. i Meland kommune

**Administrativt vedtak. Saknr: 14/2016**

### SAKSUTGREIING

#### Omsøkt tiltak

Med heimel i Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 er det søkt om dispensasjon frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av sambandsutstyr i eit område på gbnr. 47/1 mfl. som er sett av til landbruk-, natur- og friluftformål (LNF), jf. søknad datert 26.10.2015.

Tiltaket er allereie heilt eller delvis utført, ettersom søkjaren har sett i stand utstyr som tidlegare har vore oppført på same stad, men som truleg vart øydelagt av lynnedslag på midten av 2000-talet og som fram til nyleg har forfalle ytterlegare, sjå nærmare om sakshistorikk under.

Utstyret er plassert om lag 300moh. like vest for Vetten. Vetten er nest høgste topp på Eldsfjellet, nordvest på Holsnøy. Namnet Eldsfjellet vert nytta både på fjellmassivet og den høgste toppen:



---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug


#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Eldsfjellet er òg den høgste fjelltoppen i Meland kommune. Fjellet er svært framstående i landskapet på staden og er godt synleg frå dei omliggjande nabokommunane; noko som særleg skuldast lite vegetasjon og mye bart fjell på grunn av surt og fattig jordsmonn. Fjellmassivet er eit ynda og godt eigna turområde for både lokalfolk og tilreisande.



Det omsøkte sambandsutstyret er registrert oppført på gbnr. 47/1. Denne eigedomen har ikkje nærmare fastsette grenser, men ligg ifølgje opphavleg skyldsikte i sameige mellom 42 eigedommar og med eit betydeleg større tal grunneigarar.

### **Bakgrunn og historikk**

I september 2015 vart administrasjonen i Meland kommune kontakta av Radioamatørgruppen i Nordhordland v/ Helge Havstein med førespurnad om moglegheita for godkjenning av nemnde sambandsutstyr. Kommunen si byggjesaksavdeling opplyste den gong at det opphavlege anlegget – som Radioamatørgruppen i ettertid har sett i stand – ikkje synast å ha vore omsøkt eller godkjent tidlegare, og dermed truleg oppført utan naudsynt godkjenning. Administrasjonen opplyste dertil at tiltaket i så fall er avhengig av høvesvis godkjent søknad om dispensasjon frå arealformålet i gjeldande KPA (LNF) byggjeløyve, jf. respektivt pbl. kap. 19 og 20.

I påfølgjande telefonsamtale med Havstein av 7.10.2015 gjorde administrasjonen vidare merksam på at kommunen allereie har registrert to sakar tilknytt dette anlegget:

I 2013 vart kommunen gjort merksam på at toppen på Veten stod fram som forsøpla, idet meldaren skildra «kabler, bilbatterier, treverk og ein mast» som låg nede», jf. arkivsakID 13/1865. Saman med meldinga følgde òg ei rekkje bilete som stadfesta desse opplysningane. Kommunen opplyste den gong at kommunen som utgangspunkt ikkje sjølv kunne stå for naudsynt opprydding, men at saka ville bli følgt opp ovanfor dei ansvarlege. Grunna eigarforholda på staden viste det seg likevel vanskeleg å få klarlagt kven eit eventuelt pålegg om opprydding skulle rettast mot.

I 2014 mottok kommunen ei ny melding om dei same tilhøva, jf. arkivsakID 14/4572. Meldaren påpeika dertil at det låg igjen restar av ein stasjon eller eit anlegg som ikkje lenger var i bruk:





Kommunen opplyste òg til denne meldaren at kommunen arbeida med å finne ein løysing, men at det hadde vist seg å by på utfordringar å få klarlagt eigartilhøve og ansvarsforhold.

Då Radioamatørgruppen i Nordhordland tok kontakt med kommunen i 2015 var saka til vurdering ved kommunen sin ansvarlege for forureiningssakar, med sikte på å avklare korleis det aktuelle utstyret og andre atlagde gjenstandar på staden kan fjernast.

Etter at Radioamatørgruppen satt anlegget opp att ser tiltaket i dag ut slik:



## **Nærmare om søknaden**

Grunngjevinga for søknaden om dispensasjon lyder slik:

*«Vi har tidligere sendt inn søknad til Meland kommune om å ta i bruk en gammel radiosender med en mast som er satt opp av noen andre personer rundt 2005. Dette utstyret er nå forfalt, men vi har vært oppe og hatt «dugnad» hvor vi har ryddet område og festet utstyret ordentlig.*

*Vi bruker sambandsradio i jobbsammenheng og på fritiden og se på Eldsfjellet/Veten som en ideell plassering av dette utstyret.*

*Vi har fått tillatelse av grunneiere.*

*Nordhordland Røde Kors og Knarvikmila er svært interessert i dette da vi tenker å montere værstasjon, webkamera i masten, pluss ha en nødradio stående der slik at personer i nød kan få hjelp i forbindelse med skade.»*

Søknaden inneheld ikkje fullmakt frå grunneigarane – som altså omfattar 42 eigedommar og eit større tal grunneigarar – men utan at dette har betyding for til kommunen si handsaming av dispensasjonssaka. Ved ein eventuelt etterfølgjande søknad om byggjeløyve må det likevel liggje føre fullmakt frå alle registrerte grunneigarar. Slikt byggjeløyve føreset at vedtaket under vert påklaga av søkjaren og omgjort av enten kommunen sitt klageorgan (Utval for drift og utvikling) eller endeleg klageinstans (Fylkesmannen i Hordaland).

## **Nabovarsling**

Søknad om dispensasjon skal nabovarslast, jf. pbl. §§ 19-1 og 21-3. Søknaden inneheld ikkje opplysningar om kor vidt slik varsling har skjedd. Administrasjonen finn like fullt å kunne handsame søknaden, ettersom det uansett er tale om ein mangel ved søknaden som ikkje har noko innverknad på kommunen si vurdering og konklusjon, jf. vedtaket under.

Dersom vedtaket vert påklaga må tiltakshavar nabovarsle tiltaket – i samsvar med pbl. § 21-3 – før vedtaket eventuelt kan gjerast om.

## **Høyringsfråsegner frå nasjonale og regionale sektormyndigheiter**

I medhald av pbl. § 19-1 skal regionale og nasjonale myndigheiter på nærare vilkår ha høve til å uttale seg før det vert gitt dispensasjon. Som følgje av utfallet av administrasjonen si vurdering er saka likevel ikkje sendt på høyring, jf. vedtaket under.

Dersom det etter klage vert aktuelt med politisk omgjøring av administrasjonen sitt vedtak vil kommunen uansett sende saka på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune før vedtak om endring eventuelt vert treft.

## VURDERING

### Lov og –plangrunnlag

Det omsøkte tiltaket er plassert i eit uregulert område som i KPA er sett av til LNF-formål. For desse område gjeld det eit forbod mot byggjetiltak som ikkje er naudsynt for stadbunden næring. Det aktuelle sambandsutstyret har ikkje samband med slik næring og det er difor det no vert søkt om dispensasjon.

I område som er sett av til LNF-formål skal det altså takast særleg omsyn til samfunnsinteresser knytt til det å ta vare på og å leggje til rette for landbruksdrift, naturvern og eit aktivt friluftsliv. I denne saka er det dei to siste kategoriane som har vore relevant for kommunen si vurdering.

### Generelt om dispensasjon i medhald av pbl. § 19-2

Pbl. § 19-2 inneheld både heimel og vilkår for å dispensere frå føresegner gitt i eller i medhald av pbl., under dette òg dispensasjonar frå kommunale arealplanar. Lovføresegna stiller dertil to grunnvilkår som begge må vere oppfylte for at dispensasjon skal kunne verte gitt:

1. Ein dispensasjon må ikkje innebere at enten omsyna bak føresegna det vert dispensert frå eller omsyna bak formålsføresegna i pbl. § 1-1 vert sett vesentleg til side.
2. Ein dispensasjon må ha ei klar overvekt av objektive fordelar ut frå plan- og arealdisponeringsmessige omsyn.

Gjennom pbl. § 1-1 vert det lagt opp til at kommunen gjennom handsaming av byggjesakar «skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser» og det skal m.a. «legges vekt på langsiktige løysningar, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives».

Kommuneadministrasjonen har vurdert søknaden på bakgrunn av dei omsyn som ligg bak gjeldande arealformål i KPA og dei omsyn som er framheva i pbl. § 1-1. I samsvar med Naturmangfoldloven (nml.) § 7 har administrasjonen under dette òg vurdert kva påreknede verknadar det omsøkte tiltaket vil få for naturmangfaldet på staden.

Det aktuelle området består av tilnærma urørt natur, noko òg KPA legg opp til at det skal vere. Det omsøkte byggjetiltaket har ei eksponert plassering nær toppen av Vetten og utgjer å så måte eit godt synleg framandelement på staden. Det er ikkje i tvil om at Radioamatørgruppen i Nordhordland – og moglegvis også ein viss personkrins ut over desse – vil vere tent med at anlegget vert ståande, men administrasjonen kan ikkje sjå at tiltaket utover dette har klare fordelar av objektiv og meir generell karakter. Det må snarare antakast at folk som nyttar Vetten til friluftsliv og rekreasjon gjerne vil føretrekkje at området er mest mogleg urørt. Kommunen er heller ikkje trygg på at alle vil sjå det som ein udelt fordel at ferdsel på Vetten vert registrert av eit Webkamera.

Ein dispensasjon i denne saka vil etter administrasjonen sitt syn innebere godkjenning av eit privat tiltak til fordel for ein relativt avgrensa personkrins i eit område som er meint nytta likestilt for allmenta. Det kan dertil nemnast at Eldsfjellet gjennom regional kartlegging er registrert til å ha

«høg verdi» som område for rekreasjon og friluftsliv. Kommunen vurderer i så måte at kvalitetane i landskapet som friluftsområde til ein viss grad vert negativt påverka ved ein dispensasjon. Sakshistorikken viser vidare at både kommunen og brukarar av Eldsfjellet allereie har negative erfaringar med privat sambandsutstyr i dette området, som har resultert i forsøpling og atlagd, kondemnert utstyr.

I medhald av Naturmangfoldloven skal kommunen sjå til at «naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern», sjå særleg §§ 1 og 7.

Det er registrert trua bestand av vandrande rovfugl i dette området. Nærare opplysningar om art og lokalisering er unntatt offentlegheita i medhald av Offentleglova § 23 tredje ledd:

*«Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når unntak er påkravd fordi innsyn ville lette gjennomføringa av straffbare handlingar. Det same gjeld opplysningar der unntak er påkravd fordi innsyn ville utsetje enkeltpersonar for fare, eller lette gjennomføringa av handlingar som kan skade delar av miljøet som er særleg utsette, eller som er trua av utrydding.» [Adm. understr.]*

Kommunen skal byggje på eit «føre-var-prinsipp» med omsyn til kva innverknad det omsøkte tiltaket kan ha på naturmangfaldet i området, jf. nml. § 9. Kommunen vurderer i den samanheng at den trua bestanden truleg ikkje isolert sett tilseier at sambandsanlegget må fjernast, men at dette uansett er eit ytterlegare moment som talar mot at det vert dispensasjon i denne saka.

Administrasjonen ser at ein naudradio på toppen av Veten for allmenn bruk kan vere ein relevant fordel. Samstundes vert behovet i praksis vurdert som relativt avgrensa, då dei aller fleste i dag disponerer mobiltelefon.

## **Oppsummering og konklusjon**

Administrasjonen finn at ein dispensasjon i denne saka vil sette både omsyna bak vedtakinga av arealformålet LNF i KPA og omsyna bak føremålsføresegna i pbl. § 1-1 vert sett vesentleg til side, jf. vurderinga over. Under dette har kommunen òg lagt vekt på kva verknad og presedens ein dispensasjon i denne saka vil kunne få for søknadar om byggjeløyve i dette og andre natur- og friluftsområde i framtida.

Administrasjonen kan vidare ikkje sjå at ein dispensasjon i denne saka har ein klar overvekt av fordelar ut frå plan- og arealdisponeringsmessige omsyn eller for andre samfunnsinteresser. Dei fordelar som er gjort gjeldande gjennom søknaden synast først og fremst å tene ei relativt avgrensa interessegruppe.

Vilkåra for å gi dispensasjon i medhald av pbl. § 19-2 er på denne bakgrunn ikkje er til stades i denne saka. Kommunen har dermed heller ikkje heimel til å gi dispensasjon som omsøkt.

\*\*\*

## VEDTAK

*Meland kommune avslår i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 søknad om dispensasjon frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av sambandsutstyr i eit område på gbnr. 47/1 mfl. som er sett av til landbruk-, natur- og friluftformål (LNF), jf. søknad frå Radioamatørgruppen i Nordhordland v/ Helge Havstein datert 26.10.2015.*

*Om grunngjevinga for avslaget vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.*

\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagens kal grunngjevast. Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunens i handsaming av søknaden om dispensasjon vert ettersendt, jf. høvesvis pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste av 2015. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. Fvl. §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut ifrå. Klage skal vere grunngjeven.

Med venleg helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Marius Flemmen Knudsen  
Tore Johan Erstad

**Mottakere:**  
Helge Havstein